# Møtereferat

## Møte i prosjektgruppa

| Møtedato: | 11.04.2018 | Møtestad: | Rådhuset i Førde |
|---|---|---|---|

| Møtt | Ikkje møtt |
|---|---|
| Anita Eide Kvamme(leiar av gruppa)<br>Erlend Herstad<br>Svein Årdalsbakke<br>Håkon Myrvang<br>Mathias Råheim<br>Sølvi Iren Søgnen<br>Anette Sollid(prosjektsekretariat) | Jakob Andre Sandal<br>Anne Margrete Frimannslund<br>Judith Kapstad |

| Møteleiar: | Anita Eide Kvamme | Møtereferent: | Anette Sollid |
|---|---|---|---|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1 | **Status teiknekonkurranse kommunevåpen**<br>• Teiknekonkurranse vart lagt ut rett før påske, og vil halde fram til 1.mai<br>• Anita og Sølvi har vore i kontakt med Firda, og det vart laga ei sak frå Halbrend skule<br>• Firda har vidare signalisert at dei vil lage oppfølgingssak når konkurransen er avslutta<br>• Det er kome inn litt i overkant av 100 teiningar så langt<br>• Det er sendt ut epost til rektorar i grunnskule og vgs, samt til barnehagestyrarar – ein før påske og ei påminning etter påske | | |
| | • Det vil gå ut ei påminning til til den same gruppa der ein viser til alle teikiningane som er kome inn og oppmodar om deltaking | Anette | Medio april |
| | • Det er sendt ut epost til alle tilsette, og sosiale kananlar vert nytta.Jamt trykk frå kommuen sin side gjennom sosiale kanalar med ulike vinklingar | | |
| | • Medlemmane i prosjektgrupa er ambassadørar og må nytte alle høve til å oppmode om deltaking | Gruppa | Kontinuerlig |
| | • Vinnar vert trekt tilfelding i møte i prosjektgruppa i mai | Gruppa | 14.mai |
| 2 | **Status teiknekonkurranse kommunevåpen**<br>• Anbod på kommunevåpen er sendt ut til tre byrå – dei har svarfrist til 7.mai<br>• Det vil bli sendt ut spørsmål 17.april om dei kem til å levere tilbod | Anette | 17.april |

<table>
<tr>
<td></td>
<td>

- Vurdere å sende anbodet til fleire dersom nokon signaliserer at dei ikkje kjem til å levere tilbod
- Frist for ferdig komunevåpen er sett til 31.08.18
- Det ligg inne opsjon på grafisk profil i anbodet. Prosjekt sekretariatet vurderer om anbod skal nyttast.
- Prosjektgruppa vil i møte i mai avgjere kven som får oppdraget med nytt kommunevåpen

</td>
<td>Gruppa<br><br>Gruppa</td>
<td>14.mai</td>
</tr>
<tr>
<td>3</td>
<td>

**Historisk samling**

Det kom inn forslag på om det kunne vere aktuelt med ei markering i kvar kommune der ein dreg opp historia til kommunen frå start til no. Dette kunne skje i form av ei samling i kvar av dei fire kommnane knytt til arrangement som trekk innbyggjarar flest i 2019. Til dømes Sanden søndag, Din Jølsterdag/ aurefestival, Gaular marknad, Førde Opp eller tilsvarande arrangement.

</td>
<td>Gruppa</td>
<td>Siste halv år 2019</td>
</tr>
<tr>
<td>4</td>
<td>

**Orførar vandring**

Fleire kommunar har lagt opp til ordførar vandring saman med Turlaget. Det kan vere aktuelt å ta kontakt med Turlaget for å bli ein del av programmet i 2019.

For 2018 er et for seint i høve turprogrammet, men ordførarane kan likevel invitere med seg innbyggjarane på tur som del av det å bli kjende i dei ulike kommunane.

Det vil bli sendt ut ein epost til dei fire ordførarane der ein oppmodar om dei kjem med innspel til kva tur dei kunne tenke seg å ta med innbyggjarane på vandring og kva tid.

Turen kan også starte i ein kommune og ende opp i ein anna. Fordel om om turane er ulikt krevjande. Fint om der er i allefall ein kort tur som høver for familiar med småbarn.







</td>
<td>Ordførarane<br><br>Anette</td>
<td>Sommar halvår minus fellesferie<br><br>Snarleg</td>
</tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| 5 | **Kontakt med ungdomsråda**<br>Høyre med ungomsråda kva tankar dei har om aktivitetar som kan fremje identiten for Sunnfjord kommune.<br><br>Ungdomsråda møtes i neste veke . Mathias tek kontakt med dei. | Mathias | Snarleg |
| 6 | **Felles arrangement – klippe snora**<br>Vil planlegge eit litt meir høgtideleg arrangement på samanslåingstidspunktet. | Gruppa | |
| 7 | **Turnering – idrettsarrangement**<br><br>Høyre med idrettslaga i dei fire kommunane om det kan vere aktuelt med eit fellesarrangement. Invitere dei inn til ein idedugnad og sjå kva idear dei kjem opp med for aktivitetar somkan fremje ein felles identitet. | Gruppa | |
| 8 | **Markering/stuut/aktivitet på runde dagar**<br><br>På nettsida vert det telt ned til ny kommune. Det betyr at vi kjem til 600, 500, 400 osv dagar att til ny kommune.<br><br>Innspel om prosjektgruppa tenkjer det kan vere aktuelt det skjer noko spesielt på akkurat desse dagane. Det kunne det vere, men kom ikkje fram til aktivitet i dette møtet.<br><br>Om første ordførar vandring vert 11. mai , så kan det vere 600 dagar merkeringa. | | |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*